

- 2 SEPT 2010

Vurdering av Gnr. 9 Bnr. 9 Nedre Kleppe i Askøy kommune i høve landbrukstilstand pr. i dag.

Ovannemnde vurdering vart føreteken den 19.08.2010 av underteikna bonde/landbrukstakstmann Eivind Moberg, Kuhnlevegen 70, 5200 Os. Rekvirent for oppdraget er Askøy senter adm. dir. Rune Birkeland ved adv. Knut R. Nergaard.

Rune Birkeland var med under synfaringa . Føremålet med oppdraget var ei vurdering av landbrukstilstanden for ovannemnde bruk.

M.a. låg fylgjande dokument føre:

1. Gårdskart ortokart "Skog og Landskap" med arealoppgåve i M 1 : 4500.
2. Div. flyfoto over området.
3. Idèskisse (utgangspunkt for reguleringsplan) for området.
4. Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland i høve utkast til ny kommuneplan for Askøy. m.m.

Bruket Gnr. 9 Bnr. 9.

Dette bruket Nedre Kleppe ligg aust for Rv. 562 og ca 2-3 km frå Kleppestø ved krysset Rv. 522 og Kleppevegen.

Meir konkret grensar bruket i nord mot parkeringsareal for bustadkompleks, noko beiteareal og barnehageområdet, mot aust går grensa over høgdedraget "Berget" mot lauvskog/beiteareal og inntil det ligg Askøy Senterområde og bustadeigedom. Mot sør grensar eigedommen mot bustadeigedom og Gnr. 9 Bnr. 10 som er ein landbrukseigedom.

Mot vest grensar eigedommen med vegskråning mot Rv. 562. Bruket ligg såleis samla i ei eining. Av bygningar er det m.a. våningshus som er oppført i 1949, seinare påbygd. Driftsbygning opphavleg frå 1923 seinare restaurert opplysningar frå "Norske gardsbruk" bind 19.

Her er ikkje drift på bruket i dag, anna enn litt leigebeiting av hest. Her er frådelt ein bustadtomt på ca 2,5 da "innanfor" eigedommen.

Arealoppgåve (Skog og Landskap) viser fylgjande:

Fulldyrka jord	5,4 da
Innmarksbeite	6,1 da
Produktiv skog	4,5 da
<u>Anna markslag ikkje klassifisert</u>	<u>8,6 da</u>
<u>Totalt areal</u>	<u>24,6 da</u>

Konklusjon utifrå dette:

1. Konesjonsfri eigedom.
2. Det kviler ikkje odel på eigdommen.

Kommentar til dei ymse markslaga:

I sør/aust er tunet med våningshus og løa. Like vest og i skråninga ned for løa er den frådelt tomte (ca 2,5 da) der jordlaget er grave av. I nord/austre del av eigdommen er her for det aller meste lauvskog og her går det bratt skråning ned til den dyrka marka i ca 90 m lengd.

Herifrå og vestover er det meir flatlendt og her er det dyrka mark som delvis ikkje er nytta og ber preg av det og delvis er nytta til hestebeite.

Med unntak av eit lauvskogparti , er det opphavleg dyrka/ overflatedyrka mark ned til bekk/ kanal som ligg like aust for vegskråning for Rv. 562. Når det gjeld det overflatedyrka/ dyrka arealet, så er den øvste delen ikkje nytta til beite . Her er det mykje tuer og her er svak kultur og delvis dreneringstilstand. Vest for dette arealet er inngjerda hestebeite. Her er det mykje opptrakk, beiteskade og svak dreneringstilstand (organisk jord). Den overflatedyrka marka som går ned lågpunkt på eigdommen er framleis hestebeite , men nede på lågpunktet av myra er det så svak drenering og dette er avgjerda for at dyra ikkje skal gå seg fast. Dette gjeld om lag 50 % av den myra . Her er det kratt vegetasjon som er etablert fram til bekk/ kanal.

Det vil sei at i nord/ vestenden av eigdommen mot parkeringsareal, er det betre tilhøve. Areal frå kanal/ bekk og oppover i vegskråning til vestgrensa for eigdommen er det delvis lauvvegetasjon og delvis beiteareal (begrensa).

Underteikna kunne ikkje sjå at her er tilkomst maskinelt frå det dyrka/ overflatedyrka arealet og opp til driftsbygning. Her er rett nok ein gammal forsilo nede på det dyrka arealet, men den stettar ikkje dagens miljøkrav.

Uansett må evt. føret transporterast her ifrå og det let seg ikkje gjera på eigen eigedom.

Underteikna vil konkludera med at skal dette bruket koma i drift att, må her oppjusterast driftsbygning, lagast jordbruksveg (ca 90- 100 m à kr 800- 1000 kr/ m)frå det dyrka arealet og opp til driftsbygning. Ein må delvis grøfta og kultivera den øvre delen av det dyrka arealet og det nedste må fullstendig dyrkast oppatt (15- 20.000 kr/ da), evt.vidare må ein reinska opp senka kanal / bekk. I tillegg er det etter kvart meir attgroing med lauvvegetasjon enn det kartet viser.

Dette vil ikkje driftsmessigt vera rekningsssvarande.

Einaste måte å nytta nedste del av dette arealet er beite , men med langvarig beiting av hest , vil arealet etter kvart verta opptrakka og utan avling.

Alternativet her kunne vera å evt. leiga / selja det nedste arealet til Gnr. 9 Bnr. 10 (nabo mot sør). Men dette bruket, slik underteikna vurderer det har ikkje vore hausta på lang tid og er på veg mot attgroing. I tillegg er her etablert ein mindre fotballbane på 9/16 sør for 9/10 tidlegare innmark. Så det alternativet virkar urealistisk.

Eivind Moberg
Eivind Moberg takstmann landbruk.

Os den 25.08.2010



Gårdskart

1247 - 9/9/0

Målestokk: 1:4500



Ajourføringsbehov meldes
til landbrukskontoret

Utskriftsdato: 23.8.2010

Tegnforklaring (Areal i dekar)

	Fulldyrka jord	5.4
	Overflatedyrka jord	0.0
	Innmarksbeite	6.1
	Produktiv skog	4.5
	Annet markslag	7.0
	Ikke klassifisert	1.6
		24.6

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for den valgte landbrukseiendommen. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse.

Arealstatistikken viser arealer i dekar av de ulike arealklasser for landbrukseiendommen

Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

— Eiendomsgrenser
... Gamle markslagsgrenser fra N5raster